

29/7-95

Tennis - nytt trimtilbod i Kvam

KVAM: Kvam idrettslag har opna tre nye tennisbanar. Dermed har kvamvæ- rane kome i mål med enda eitt byggetrinn på det omlag 70 mål store områ- det som er sett av til idrettsformål midt i sentrum.

Av HÅKON SVEEN

- Dette er det femte byggetrinnet, seier leiaren i anleggskomiteen, Ola Bjørgen til Dagningen.

Dei tre tennisbanane ligg på same grunn som vert nytta til ishockey/skøyteløp om vinteren, og kan bli brukt til handball om som- maren, om det skulle vere aktuelt.

- I så måte er dette eit fleirbruks- anlegg, seier Bjørgen, som saman med Håkon Næprud og Magnus Mork, har sette i anleggskomiteen i ei årrekke.

- Etter at handball vart hallidrett, gjekk bruken av asfaltbanen her sterkt attende, seier Ola Bjørgen. - Vi fekk med oss STUI og kommunen på å gjera handballbanane om

til eit fleirbruksanlegg, og slik det ligg nå, er vi svært godt nøgde, sei- er leiaren i anleggsutvalet.

Mange tilbod

Ved sida av det nye anlegget, kan Kvam i.l. by på fotballbanar, trim/lysløype, flott klubbhus, og ein friidrettsbane som det står att ein del arbeid på. Dermed er det litt av ein idrettspark kvamværanane kan vise fram. Tek vi med at nybygd musikkpaviljong ligg i same områ- det, samt at det nye trivselsbadet blir offisielt opna om stutt tid, skul- le det ikkje mangle på idrettstilbud i fritida for både unge og gamle.

Stor dugnadsinnsats

Kvam idrettspark har kosta vel 2.6

millionar kroner, så langt. Utgifte- ne er jamt fordelte mellom STUI, kommunen og eigeninnsats, fortel Ola Bjørgen.

- Over 3800 timar i dugnadsar- beid, fortel litt om innsatsen byg- dafolket har lagt ned i anlegget, seier Ola Bjørgen, som også roser samarbeidet med kommunen.

- Svært positivt, seier Bjørgen, som kan fortelje at fyrste søknaden om utbygging i dette området vart senda for 17 år sidan.

I dag kan kvamværanane vise fram eit idrettsanlegg dei verkeleg kan vere stolte av.

Og med det nye tennisstilbodet, er det berre å skaffe seg racket og ball. Tennis kan spelast av alle. Gam- mal som ung!



FLOTT ANLEGG: Nils Røssummoen frå dugnadsgjengen, og Ola Bjør- gen og Håkon Næprud som sit i anleggskomiteen, har god grunn til å vera nøgde med tennisbanane som ligg klare til bruk.

Foto HÅKON SVEEN